

# Kontrollutvalet i Sauda kommune



ÅRSMELDING  
2015

---

## INNLEIING

---

Kapittel 12 i kommunelova omtalar **internt** tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal stå for tilsynet (§77). Kontrollutvalet er eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll.

I følge kommunelova § 77 pkt. 6 skal «kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret».

---

### 1. OM KONTROLLUTVALET

---

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

---

### 2. MEDLEMENE I UTVALET

---

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret. Det vart i 2015 bestemt at kontrollutvalet skulle auke talet på medlem til fem ifrå valperioden 2015-2019 (kommunestyrevedtak 17.06.15, sak 43/15).

For perioden 2011-2015 hadde Sauda kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer:  
**Inge Løyning – leiar**  
**Wenche Pleym – nestleiar**  
**Katrine Skorpe**

Varamedlemmer:  
**1. Egil Bakke**  
**2. Sjur Hatlen**  
**3. Anne Grethe Lindseth**

Katrine Skorpe sat fast i kommunestyret og Wenche Pleym møtte også som fast representant i 2015.

For perioden 2015-2019 har Sauda kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemer:

**Alan Geoffrey Thompson - leiar**  
**Jon Lambrigt Grindheim – nestleiar**  
**Signe Marie Breivik**  
**Wenche Pleym**  
**Eirik Tangeraaas Lygre**

Varamedlemer:

**1. Sjur Hatlen**  
**2. Laura Seltveit**  
**3. Eirik Birkeland**

Jon Lambrigt Grindheim sit fast i kommunestyret. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Ordføraren har delteke på alle møta i 2015. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han eller nokon frå administrasjonen har delteke på tre av møta i 2015.

---

### **3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2015**

---

Kontrollutvalet har i 2015 hatt 4 ordinære møte fordelt med to første halvår og to andre halvår. Utvalet har hatt 24 saker til handsaming, kor 5 saker blei oversendt til kommunestyret.

32 saker har blitt lagde fram for utvalet til orientering. Som vedlegg til årsmeldinga er det ei oversikt over saker handsama av utvalet og saker lagde fram til orientering.

Møta i kontrollutvalet er opne og blir haldne for opne dører (Kommunelova § 77).

Alan G. Thompson, Jon Lambrigt Grindheim og Wenche Pleym deltok på informasjonsmøte for nye kontrollutval i Akسدal 12.11.15.

Alan G. Thompson, Signe Marie Breivik, Erik Tangeraaas Lygre og Wenche Pleym deltok på haustkonferansen i Sandnes 10.12.15 i regi av Forum for kontrollutvalg i Rogaland.

---

### **4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGAVER**

---

#### **4.1 REKNESKAPSREVISJON**

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov, føresegner og god kommunal revisjonsskikk.

I møtet den 27.04.15 handsama kontrollutvalet kommunen sin årsrekneskap for 2014. Utvalet hadde følgjande uttale til rekneskapen:

*Sauda kommune sin årsrekneskap for 2014 er gjort opp med eit rekneskapsmessig meirforbruk/underskot på kr 5,6 millionar i forhold til budsjett.*

*Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med rundt 14,2 million kroner, men at 13 millionar av desse er ei ekstra inntekt frå konsesjonsavgift. I tillegg merker kontrollutvalet seg at Sauda kommune har en negativ arbeidskapital på 9 millionar – som betyr at kommunen har 9 millionar meir i utgifter enn ordinære inntekter. Dette er ein alvorleg situasjon som ikkje kan forsetja.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2014 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.14.*

*Kontrollutvalet i Sauda har ikkje andre merknader til Sauda kommune sin rekneskap ut over det som går fram ovanfor, av revisor sin revisjonsberetning og økonomisjefens uttale i årsberetningen.*

Skatterekneskapen for 2014 vart lagt fram for utvalet til orientering i møtet den 23.02.15.

## **4.2 FORVALTNINGSREVISJON**

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at da vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal innan utgangen av første året i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sitt vedtekte plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012 og endeleg vedteken av kommunestyret i 2013.

Utvalet har handsama to forvaltningsrevisjonsrapport i 2015. Utvalet har bestilt ny Overordna analyse som vil danne grunnlag for ny Plan for forvaltningsrevisjon 2015-2019 og ny Plan for selskapskontroll 2015-2019.

Rapport om «Teknisk eining » var utarbeida av KPMG AS og blei handsama i møtet 23.02.15.

Revisjonen kom med følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

- 1. Å vurdere om det finst meir hensiktsmessige måtar å organisere teknisk eining på, som kan bidra til at ein i større grad klarer å ivareta krav til tenestene.*
- 2. Å ta avgjersle på kor vidt ein ynskjer at kommunen skal investere i system og verktøy, som kan bidra til meir effektiv sakshandsaming og potensielt lette kvardagen til sakshandsamarane i kommunen.*

3. *At kommunen prioriterer så raskt som mogleg å få ferdigstilt det pågåande arbeidet med å etablere prosessar og flytskjema.*

Rapport om «Internkontroll » var utarbeida av KPMG AS og blei handsama i møtet 07.09.15.

Revisjonen kom med følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

1. *Det bør etablerast ein felles policy for kommunen som fastslår sentrale prinsipp for innkjøpsprosesser i Sauda kommune. Denne bør fastsette grunnleggande prinsipp om blant anna:*
  - a. *Roller og ansvar i innkjøpsprosesser*
    - i. *Mynde og fullmakt i forbindelse med innkjøp*
  - b. *Kva prosedyrar som til ein kvar tid skal finnast for innkjøpsprosessar*
  - c. *Bruk av innkjøpssamarbeid*
  - d. *Bruk av underleverandørar hos kontraktspartar*
  - e. *Kvalitetssikring og kontroll*
2. *Vi rår til at kommunen gjer særskilde tiltak for å sikre at kommunen sine prosedyrar for dokumentering generelt, og for anskaffingsprotokoll for innkjøp over 100 000 NOK spesielt, vert etterlevd. Dette kan vere å:*
  - a. *Informere om prosedyrane*
  - b. *Gjennomføre kontrollar*
3. *Vi rår til at kommunen opprettar ein oversikt som formaliserer eigarskap og ansvar for oppfølging av den enkelte kontrakt som kommunen har inngått.*

#### **4.3 SELSKAPSKONTROLL**

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller eigde saman med andre kommunar. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012 og vedteken av kommunestyret i februar 2013.

Utvalet har ikkje bestilt eller handsama rapportar frå selskapskontrollar dette året.

#### 4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret vedtok å inngå avtale med KPMG AS som revisor i 2012. Avtalen gjaldt fram til 30.06.15. Kommunen nytta seg av opsjonsretten og forlengja avtalen med 1 år, fram til 30.06.16 (kommunestyrevedtak 22.10.14, sak 72/14).

Kontrollutvalet har i 2015 gjennomført ny anbodskonkurranse om revisjonstenestene for perioden 2016-2020. Anbudsgrunnlaget blei handsama i mai med anbudsfrist 11.08.15. Det ble levert inn to anbod (Deloitte AS og KPMG AS). Sak om val av revisor ble lagt fram for utvalet i september. Kommunestyret slutta seg til kontrollutvalets innstilling om å velje KPMG AS som kommunen sin revisor i møte 16.12.15, sak 91/15 for dei neste fire åra. Kommunen har opsjon til å forlenge avtalen med 2 år.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Roald Stakland med kontor i Haugesund. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det har vore ein eller fleire revisorar til stades på alle utvalsmøta. Dei har mellom anna presentert plan for rekneskapsrevisjon og prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet om «Teknisk eining». Utvalet har handsama revisor si eigenerklæring.

#### 4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker, mellom anna budsjettframlegg og økonomiplan. Utvalet har og blitt orientert om statlege tilsyn, KOSTRA-tall, Kommunebarometeret, mv.

#### 4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2015:

TENESTE 1100	REGNSKAP 2014	BUDSJETT 2015 (utvalet)	REKNESKAP 2015
Godtgjersle og driftsutgifter	Ført på 1000 ?	89 000	Ført på 1000 ?
Revisjonstenester	341 305	394 000	548 236
Sekretariatstenester	147 000	153 000	153 000
Sum utgifter (eks.mva.)		<b>636 000</b>	

Kontrollutvalet handsama hausten 2015 framlegg til budsjett for kontroll- og tilsyn 2016. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 688 750. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

## 4.7 SEKRETARIAT

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2015, som tidligere år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Fast utvalssekretær har vore Odd Gunnar Høie.

Selskapet har i 2015 gjennomført ei brukarundersøking og markert 10 års jubileum på representantskapsmøtet i april. Det blei her framheva at sekretariatet har fått gjennomgåande positive tilbakemeldingar, men som forbetring kan dei ble betre kjent, som ledd i å styrke kommunenes kontroll- og tilsynsansvar.

Sekretariatet har eigne heimesider der mellom anna sakskart, protokollar og rapportar blir lagde ut på fortløpande.

Egil Bakke var vald til representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, med Stian Bjørheim som vara for perioden 2011-2015. Begge hadde forfall til representantskapsmøtet 27.04.15. Katrine Skorpe er vald som representant for perioden 2015-2019, med Eirik Daniel Fatnes som vararepresentant.

---

## 5. OPPSUMMERING

---

Aktiviteten i 2015 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram to forvaltningsrevisjonsrapportar. Utvalet har bestilt ny Overordna analyse. Denne analysen vil danne grunnlaget for ny Plan for forvaltningsrevisjon 2015-2019 og ny Plan for selskapskontroll 2015-2019. Rådmannen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

\*\*\*

Sauda, 1. februar 2016

  
Wenche Pleym

  
Alan Geoffrey Thompson Jon Lambrigt Grindheim  
Leiar

for   
Signe Marie Breivik

for   
Eirik Tangeraas Lygre

## VEDLEGG

---

### OVERSIKT OVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

---

#### Saker til handsaming:

- 01/15 Godkjenning av protokoll 17.11.14
- 02/15 Referatsaker 23.02.15
- 03/15 Kontrollutvalet si årsmelding for 2014
- 04/15 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Teknisk eining»
- 05/15 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Internkontroll»
  
- 06/15 Godkjenning av protokoll 23.02.15
- 07/15 Referatsaker 27.04.15
- 08/15 Sauda kommune - uttale til årsrekneskapen for 2014
- 09/15 Konkurransgrunnlag - anbod på kjøp av revisjonstenester 2016-2020
  
- 10/15 Godkjenning av protokoll 27.04.15
- 11/15 Referat- og orienteringssaker 07.09.15
- 12/15 Revisor si eigenerklæring 2015 – KPMG AS
- 13/15 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Internkontroll»
- 14/15 Kontroll og tilsyn – budsjett for 2016 – utvalet sitt framlegg
- 15/15 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande periode 2011-2015
- 16/15 Val av revisor for perioden 2016 - 2020
  
- 17/15 Kontrollutvalgets ansvar og oppgaver
- 18/15 Godkjenning av protokoll 07.09.15
- 19/15 Referat- og orienteringssaker 16.11.15
- 20/15 Statusoversikt over utvalgets prosjekter
- 21/15 Revisjonsplan for regnskapsåret 2015
- 22/15 Bestilling av overordnet analyse for Sauda kommune
- 23/15 Orientering om framlegget til budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019
- 24/15 Møteplan for 2016 – kontrollutvalget

#### Saker til orientering:

1. Statusrapport pr. februar 2015
2. Rapport frå Haustkonferansen i Sandnes – munnleg orientering
3. Rapport frå NKRF-konferansen 4. – 5. februar 2015 – munnleg v/sekretær
4. Årsrapport 2014 - frå Skatteoppkreveren i Sauda
5. Skattereknskapen 2014
6. Informasjon om statlige tilsyn med kommuner og fylkeskommuner i Rogaland 2015
7. eINFO 15/1 – Redusert oppbevaringstid for regnskapsmateriale
8. Nytt på nett, NKRF – Kontrollutvalgene fyller sin funksjon på en god måte



9. Statusrapport pr. april 2015
10. Kontrollrapport 2014 frå Skatteetaten
11. Representantskapsmøte 22.04.15 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
12. Representantskapsmøte 11.06.15 – Haugaland Vekst IKS
13. Representantskapsmøte 27.04.15 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
14. Representantskapsmøte 18.05.15 – Krisesenter Vest IKS
15. Årsmøte 11.06.15 – Ryfylke IKS
16. Kommunal Rapport 19.03.15 om rekneskapsresultata i landets kommunar
17. Kommunal Rapport 20.03.15 om regjeringa si oppgavemelding
  
18. Statusrapport pr. september 2015
19. Kst vedtak 17.06.15, sak 43/15 – Økning av tallet på medlemmer i kontrollutvalget
20. KS Bedrift – Offentlige innkjøp blir litt enklere fra 1. juli
21. Kommunal- og mod.dept. – prinsipputtalelse – KUs rett til å være til stede og referere ...
22. Datatilsynet – Gebyr for avvik hos kommuner
23. Bernt svarer – Kan offentlighetsloven brukes for å lukke møter?
24. NKRF overtar sekretariatet for FKT
  
25. K-styrevedtak 12.10.15, sak 63/15 - Valg av kontrollutvalg 2015-2019
26. Taushetserklæring for kontrollutvalgsmedlemmene – signeres i møtet
27. Reglement for Sauda kontrollutvalg – eget hefte
28. Evaluering - fra kontrollutvalget 2011-2015
29. Invitasjon til informasjonsmøte i Aksdal 12.11.15
30. Invitasjon til høstkonferansen i Sandnes 10.12.15
31. Invitasjon til NKRFs kontrollutvalgskonferanse 3. – 4. februar 2016
32. Invitasjon fra KPMG AS– Kurs for nye kontrollutvalg